



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/987 - 19/18088

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.06.2019

Førebels svar med trong for tilleggskonstruksjon - gbnr 137/109 Alver



Tiltak: bustad, parkering, veg
Byggjestad: Gbnr: 137/109
Tiltakshavar: Hordaland Byggutvikling AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.03.2019. Vi seier oss leie for sein attendemelding.

Plansstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Breimyra/planid.. 1263-201207 bustadføremaal – bustadblokker felt BB1.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 70 % BYA.



Det er søkt om etablering av murar i samband med nedkøyringsrampe til parkeringsdekke nordøst for blokk 1, delar av nedkøyringsrampe, mur C og delar av mur D er plassert utanfor regulert byggegrense i planen.

Føresegna til planen seier følgjand om byggegrense:



2.1.1 Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa. Der det ikkje er byggegrenser gjeld føremålsgrensa som byggegrense.

Dei aktuelle murane og delar av nedkøyringsarealet er plassert utanfor regulert byggegrense, i føremålsgrense mot fortau o_FT1.

Vidare kan det sjå ut som om at delar av område f_AVG6 er teke med i arealet som vert nytta til nedkøyringsrampe til nederste parkeringsdekke. Av føresegna til planen står det følgjande:

4.4.3 Areal for anna veggrunn - grøntareal kan nyttast til infrastruktur. Areal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon eller gjevast anna tiltalande utforming.

Vi har vore i dialog med teknisk drift vegavdelinga og ber om at det vert levert inn oppdatert teikningar som syner korleis trafikkavviklinga vert løyst i forbindelse med avkøyrse til o_KV1, F_KV4 og KV5, samt snumoglegheit på eigen grunn.

Slik administrasjonen vurderer det krev synt løysing for nedkøyringsrampe med tilhøyrande murar dispensasjon frå regulert byggegrense og for bruk av f_AVG6 som køyreareal. Ved eventuell søknad om dispensasjon må det dokumenterast at ein klarer å i vareta tekniske krav til avkøyrse og manøvrering både for trafikk til og frå parkering i kjellar og på terreng. Og at ein klarer å ivareta tilfredstillande trafikale tilhøve, krav i vegnormal 100 vil vere retningsgjevande for utforming.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Justert søknad, eventuelt søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense og føremålet f_AVG6.
2. Oppdatert teikingsmateriell som syner korleis trafikkavviklinga (manøvrering) vert løyst, planlagt køyremønster, svingradius og moglegheit for å snu.
3. Vurdering med omsyn til om det er behov for ny nabovarsling jf. pbl § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.07.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Kommunen vil ferdigstille saka så snart søknaden er supplert.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND
Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
----------------	--------------	------	-------------------